Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 36

Herad: Voss.

Emne: Helsing fakter og åtferd

Bygdelag: Voss.

Oppskr. av: M. Søylen.

Gard: Rogne

(adresse): Voss.

G.nr. 49. Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A Grannane var ofte i håret på ein annan.
Dersom grannen ikkje gjorde godt gjerde
kunde hans nabo finna på å kalla han
ein „klark." Soleis hugsar eg om ein bonde
som skulde gifta seg, og han måtte då
ha nyt tak på stova si til brudlaupe.
Om nettene for han då til naboane og
flekte nåver av deira største bjørker.
på denne måten fekk han nåvertak,
på stova si, til brudlaupsdagen.
Men kjærasten hans var ei mykje sparsam
kvinna, ho etla berre sild mens dette
arbeide stod på — Men dette måtte
hemnast. Ungdomen laga æresport for
dei, som heile brudlaupsfylgje reid
gjenom til kyrkje, og i lagen øvst oppe
på æresporten hang ei sild og ein
utstappa trebjørn (ekorn) ~~utstoppa~~.

L Når dei slo kornane, so dela dei teigane
inn i dalarsteigar, og slike teigar skulde
dei greia på 3 dagar om dei var dugande.
Likeins med skurden. Det dela dei
op i „salsau" som dei kalla. Flinke folk
greidde sjøra „salsau" på 2 dagar —
Men då gjekk det gjetord om desse folk.

12156

2

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1. Dei derimot som somla fekk ymse utnemne som leis kan eg hugsa ein dei kalla „Råta-Lars." Smågrasteigane var uppmelte-likeins „salsan" i åkeren.
2. Det var ein gamal skik her, at skjærtorsdagsnatti kunde gutane koma inn å gjeva gjentene ris. Dersom dei greidde å koma seg inn då, og gjenten låg – Det var bjørkeris dei bruka til dette.
Dersom ein ung mann var hjå kjærasten desse nettene, skjærtorsdag og langfredag, helt dei gjerne kjøllebit her på Vårs, eller strødde dei leidavegen med „sagamå". Na er dette forbode med lov –.
3. Dei hadde ymse gamle tradesjonar her og. Som leis kan eg hugsa at nabokona som var frå Myrkdalen, hadde tru på hulder og nissa m. m. Min eldste bror som no er 76 år var nede hjå henne ein jule=kveld, så sa ho: I kveld ska me sjå om me får sjå kjærasten din, og eg vil sjå om eg får sjå fyrste mannen min. Ho smurde kvar sin leiv med brød med hjørne på, så skulde dei springa rundt størebygna=den med dette å sjå om desse kjære kom å beit i leiven. Bror min såg ingen, sa han; men denne kona ho sa: „Jamen såg eg fyrstemannen min."
4. Første joledag skulde folk halde seg heime. Kom dei denne dagen sa ein gjerna: Det kjem ein „båesloff." (= Ein som tigga)
5. Dei som ikkje fekk noko nyt til jol var reine „armingar," sa ein gjerne.
6. Ei husmor som ikkje fyllte sin plass kalla ein gjerna ei „kjauka." Ei som er like med. Og mannen: „Ein masadott" om han ikkje helt mål med tradesjonen som var.

12156